



---

# NAV Samnanger

## Rutinar for økonomisk sosialhjelp i Samnanger kommune frå og med 01.03.2020

---

//

Postadresse: Tyssevegen 217 // 5650 TYSSE

Besøksadresse: Kommunehuset i Tysse // Tysse  
Tel: 55 55 33 33 // Faks: 53 04 54 91

[www.nav.no](http://www.nav.no) // [nav.kontaktsenter@nav.no](mailto:nav.kontaktsenter@nav.no)

## Innhald:

1.	<b>Generelt til Lov om sosiale tenester i NAV</b>	Side 4
2.	<b>Opplysning, råd og rettleiing</b>	Side 4
3.	<b>Forvaltningsloven</b>	Side 5
4.	<b>Behandling av søknad om sosialhjelp</b>	Side 5-6
5.	<b>Sosialhjelpsatsar i Samnanger kommune</b>	Side 7
6	<b>Rutinar – prosedyrar økonomisk sosialhjelp –</b>	Side 8-12
6.1.	<b>kjerneområdet</b>	
6.2.	Livsopphald –kjerneområde i livsopphaldomgrepet	
6.3.	Inntekter – definisjonar og avklaringar	
6.4.	Særleg om grunnstønad og hjelpestønad	
6.5.	Særleg om utgifter til barn	
6.6.	Personar i bufelleskap	
6.7.	Ektefeller	
6.8.	Sambuarar	
6.9.	Mat og drikke	
6.10.	Klede og sko	
6.11.	Hushaldings- og hygieneartiklar	
6.12.	Etablering	
6.13.	Bustad	
6.14.	Straum	
6.15.	Ved	
6.16.	TV-lisens, avis og telefon	
6.17.	Tilskot til medisinar, lege og psykolog	
6.18.	Tannbehandling	
6.19.	Briller	
6.20.	Reiseutgifter til arbeid	
6.21.	Flytteutgifter	
6.22.	Tilskot til samvær med egne barn	
6.23	Spedbarnutstyr og utgifter knytt til fødsel Barnepass	

7		Side 13
	<b>Rutinar –prosedyrar økonomisk sosialhjelp – spesielle</b>	
7.1	<b>utgifter</b>	
7.2	Ekstratilskot til julehøgtid	
7.3	Ekstratilskot til fritidsaktivitetar	
7.4	Ekstratilskot til skuletur	
7.5	Ekstratilskot til spesielle høgtider	
	Tilskot til reiseutgifter knytt til arbeidsretta tiltak	
<b>8</b>		
8.1	<b>Rutinar ved handsaming av søknad om krisehjelp</b>	Side 14-15
8.2	Føremål og omfang	
8.3	Sakshandsamingstid	
8.4	Vilkår for å få krisehjelp	
8.5	Dokumentasjon som skal følgja med søknaden	
8.6	Saksgong i søknad om krisehjelp	
	Utmåling av krisehjelp	
<b>9</b>		
9.1	<b>Rekvisisjon og garanti</b>	Side 15-16
9.2	Garanti ved tannbehandling – akutt og ordinær	
9.3	Garanti ved husleigerestansar	
9.4	Garanti ved straumrestansar	
9.5	Mellombels bustadtilbod	
	Garanti for depositum ved leige av bustad	
<b>10.</b>		
	<b>Klage</b>	
	Omgjering/ endring av vedtak	

## 1. Generelt til Lov om sosiale tenester i NAV

- Lov om sosiale tenester inneber eit tryggingsnett som skal fanga opp dei som fell utanfor andre hjelpeordningar
- Årsak til at nokon treng hjelp verkar ikkje inn på retten til hjelp, men dette kan i nokon høve få innverknad på hjelpeforma
- Hjelp etter lova skal som hovudregel ytast som tilskot
- Hjelpa skal som hovudregel utbetalast til søkjar. Dersom pengane skal betalast ut til andre, skal det skje i samråd med tenestemottakar, og det skal gå fram av vedtaket. Søkjar skal da skriva under på ein samtykkeerklæring (vedlegg 1).
- Hjelpa er av subsidiær karakter, dette inneber at alle andre reelle moglegheiter for å verta sjølvhjelp skal vera utprøvd før retten til hjelp trer inn.
- Hjelpa er meint som hjelp til sjølvhjelp, og skal vera av mellombels karakter i høve til avklaring av arbeid og aktivitet, eller avklaring av problem knytt til helse.
- Lova byggjer på prinsippet om at arbeidsfør person skal syte for sitt livsopphald ved eige arbeid.
- Hjelp etter lova skal ytast ut frå ei konkret individuell vurdering. Dette inneber at både kommunale og statlege stønadssatsar er av rettleiande karakter ved handsaming av søknader etter lova.

## 2. Opplysning, råd og rettleiing

I kontakt med tenestemottakar skal NAV Samnanger yta opplysning, råd og rettleiing som kan bidra til å løysa eller førebyggja sosiale problem. Dersom problemstillinga er av ein slik karakter at NAV Samnanger ikkje har kompetanse til å svara, skal vi visa tenestemottakar til kven som kan gi informasjon knytt til den einskilde si problemstilling. Dette fylgjer av den generelle rettleiingsplikta etter forvaltningslova. Det skal fattast einskildvedtak når råd og rettleiing er av meir omfattande karakter enn einskildsamtalar, t.d. økonomisk rådgjeving, oppfølging og rettleiing i bustad. Av vedtaket skal det gå fram om vedkomande har rett til tenesta, kor mykje tid vedkomande får tildelt, eller ein tidsfrist for når tenesta skal vera iverksett.

### 3. **Forvaltningsloven**

Forvaltningsloven sine regler om habilitet (§6) og innsyn (§18-20) gjelder ved behandling av søknad og vedtak etter lov om sosiale tenester i NAV. Det same gjelder innhaldet i vedtaket (§23-25) og klageadgang (§28-35)

### 4. **Behandling av søknad om sosialhjelp**

Søknad om økonomisk stønad blir motteke pr. post, ved personleg frammøte eller pr. telefon. Alle skriftelege søknader om økonomisk stønad blir datostempla same dag av den som mottar søknaden. Søknaden skal deretter leggjast i posthylla til sakshandsamar som skal journal/postføre søknaden i Socio.

#### 4.1. Søknadsskjema ved personleg oppmøte.

Ved førstegangssøknad skal søkjar få utlevert søknadsskjema *Søknad om økonomisk stønad* (vedlegg 2) Dersom søkjar tidlegare har søkt skal søkjar få *forenkla søknad om sosialhjelp* (vedlegg 3) Ved utlevering av søknadsskjema skal søkjar få informasjon om kva dokumentasjon NAV Samnanger treng for å handsama søknaden. Den som tek imot søknaden skal orientera om dokumentasjonsplikta og informera om NAV Samnanger sine krav til søkjar. Eit eige skriv om dette skal leverast saman med søknadsskjema. (vedlegg 4).

Det er sakshandsamar som har ansvar for å sjå til at saka er tilstrekkeleg opplyst, og eventuelt kontakte søkjar om kva dokumentasjon som manglar.

#### 4.2 Søknad pr. post:

- Søknadsskjema som kjem inn pr. post og e-post skal datostemplast av den som tek i mot søknaden
- og leggjast i posthylla til sakshandsamar.
- Dersom eit søknadsskjema er mangelfullt utfylt skal søkjar verta tilskriven/kontakta av sakshandsamar og beden om å koma med nødvendige opplysningar og dokumentasjon.
- Det vert gitt ein frist på to veker for å levera dokumentasjon. Dersom det ikkje føreligg svar innan fristen, inneber dette som hovudregel at søknaden vert avslegen grunna manglande opplysningar.

#### 4.3 Munnleg søknad/søknad pr telefon:

- Søknader som blir sett fram munnleg, pr. telefon eller sms skal skrivast ned i et søknadskjema. Søkjar må få informasjon om krav til dokumentasjon (vedlegg 4) enten pr. telefon eller ved brev.

#### 4.4. Behandling av søknad om sosialhjelp.

Når saksbehandlar har motteke søknaden vert det gjort ein vurdering om ein skal kalla søkjar inn til ein samtale. Ved førstegangssøknad skal søkjar alltid bli kalla inn til samtale. I samtalen skal fylgjande tema kartleggjast for å kunna gi søkjar best mogeleg hjelp:

1. Aktivitet/arbeid/utdanning
2. Familie og nettverk
3. Helse
4. Bustad
5. Andre forhold som kan ha innverknad på søkjar sin situasjon.
6. For utanlandske søkjararar: opphaldsløyve

Det er viktig å kartleggja desse forholda for å kunne få eit heilhetsbilete av søkjar og evt. familie. Dersom det er nødvendig skal NAV Samnanger hjelpe søkjar med å ta kontakt med andre hjelpeinstansar.

Tema som rus, psykiatri og/eller gjeld kan også vera tema dersom sakshandsamar har mistanke om at dette er områder som søkjar kan ha behov for bistand til. Fordi NAV Samnanger meiner at arbeid er eit viktig reiskap for å komma seg ut av fattigdom, og for at fattigdom ikkje skal gå i generasjoner, skal arbeid, evt. skulegang og anna aktivitet som kan føra til arbeid, vera eit viktig tema i samtalen. NAV Samnanger krev som ein hovudregel at søkjar skal vera registert arbeidssøkjar og oppretthalde meldeplikta. NAV Samnanger vil også informera om aktivitetsplikt som skal/er innført for personer som søker sosialhjelp.

**Saksbehandlingstid** er innan 14 dagar frå komplett søknad er motteke av NAV Samnanger.

## 5 Sosialhjelpssatsar i Samnanger kommune

Kommunestyret har vedteke at Samnanger kommune skal nytta «Statlige veiledende retningslinjer for utmåling av økonomisk stønad til livsopphold». Satsane vert justert av Arbeidsdepartementet kvart år. Stønadssats pr. 01.03.20

Normal sats	Pr mnd	Pr veke	Pr dag
Einsleg	6 250	1 456	208
Ektepar/sambuar	10 450	2 435	348
Person i bufellesskap	5 250	1 225	175
Barn 0 - 5 år	2 450	574	82
Barn 6 - 10 år	3 150	735	105
Barn 11 - 17 år	4 100	959	137

Korttidssats (75%)	Pr mnd	Pr veke	Pr dag
Einsleg	4 688	1 092	156
Ektepar/sambuar	7 838	1 827	261
Person i bufellesskap	3 938	917	131
Barn 0 – 5 år	1 838	427	61
Barn 6 – 10 år	2 363	553	79
Barn 11 – 17 år	3 075	721	103

**Krisehjelp:** Vaksne kr. 105,- pr. døgn. Barn kr. 55,- pr. døgn.

**Ungdom frå 18 år til fylte 22 år som bur heime:** kr. 4.100,- pr. månad

- Kontantstøtte skal reknast som inntekt
- Barnetrygd skal ikkje reknast som inntekt
- Normalsats: Når det ikkje føreligg særlig grunn for redusert stønad
- Korttidssats: Personar som ikkje har oppfylt vilkår. Personar som frivillig har slutta i arbeid/skule. Personar som ventar på «høg» inntekt i nær framtid, eller har hatt «høg» inntekt i månadane før søknadsmånaden.
- Krisehjelp: Når søkjar har løpande inntekt på/over sosialhjelpsnivået, men har feildisponert og står utan pengar til livsopphald

## **6. Rutinar – prosedyrar økonomisk sosialhjelp – kjerneområdet**

### 6.1 Livsopphald –kjerneområde i livsopphaldsomgrepet

Dekkjer utgifter til mat og drikke, kler og sko, hushaldsutgifter og hygiene mm , TV-lisens, avis, telefon, fritidsaktivitetar, fritidsutstyr til barn, reiseutgifter i samband med daglege gjeremål.

### 6.2 Inntekter – definisjonar og avklaringar

Alle lønsinntekter, pensjonar, trygder (- barnetrygd), bustønad, refusjonar, foreldrepenge, bidrag og andre utbetalingar og etterbetalingar frå NAV stat, renteinntekter, skattepenge, pengegevinstar frå spel og lotteri, sparepenge m v blir rekna som inntekt. Lista er ikkje uttømande. BSU-konto vert vurdert individuelt. Dersom tenestemottakar eig bustad må BSU brukast til livsopphald og buutgifter. Dersom tenestemottakar ikkje eig bustad, og det økonomiske tapet vert urimeleg stort om han/ho må bryta sparekontrakten for å frigjere midlar til livsopphald, kan det gjerast unntak frå dette kravet.

### 6.3 Særleg om grunnstønad og hjelpestønad.

Grunnstønad og hjelpestønad blir ikkje rekna som inntekt, då denne er løyvd til dekking av bestemte meirutgifter grunna ein vanskeleg helsesituasjon. Som utgangs-punkt skal barn sine inntekter ikkje leggjast til grunn ved utmåling av støtte.

### 6.4 Særleg om utgifter til barn

Kontantstønad, overgangsstønad og stønad til barnetilsyn vert teke med i inntektsberekninga ved utmåling av økonomisk støtte. Utgifter til barn t.d. barnehage/barnetilsyn mm vert teke med i utgiftsberekninga.

### 6.5 Personar i bufellesskap

Personar som bur i bufellesskap og som har sitt eige hushald vert rekna som einslege i høve utmåling av sosialhjelp til livsopphald.



## 6.6 Ektefeller

NAV Samnanger legg til grunn at ektefeller har gjensidig forsyntarplikt og vert vurdert samla i samband med utmåling av sosialhjelp.

## 6.7 Sambuarar

Sambuarar har ikkje gjensidig forsyntarplikt og skal i utgangspunktet vurderast som «personar i bufellesskap». Det skal treffast separate vedtak på kvar enkelt sambuar. Unntaksvis kan sambuarar vurderast samla ved utmåling av sosialhjelp. Det kan vera aktuelt når paret gjev opp faktisk forsørging (felles hushald og økonomi) og set fram felles søknad som er underskriven av begge partar. Partane skal informerast om sine rettar til å verta vurdert separat.

## 6.8 Mat og drikke

Mat og drikke er ein sentral del av kjerneområdet og må dekkast av stønad til livsopphald. Ved spesielle behov kan det ytast ekstra stønad, det må då føreliggja naudsynt dokumentasjon.

## 6.9 Klede og sko

Klede og sko er ein del av kjerneområdet og må dekkast av livsopphaldsmidlar som personen mottok. Det kan etter søknad løyvast ekstra tilskot til klede/sko inntil to gonger pr. år for personar som har inntekter på sosialhjelpsnivået det siste året, med kr. 1.500,- til vaksne og kr. 700,- til barn. Som utgangspunkt må ein ha hatt inntekt på sosialhjelpsnivået i 12 månader for å kvalifisere for denne ytinga. Det må likevel leggast til grunn ei konkret og individuell vurdering på søknadstidspunktet.

## 6.10 Hushalds- og hygieneartiklar

Utgifter som er naudsynt for personleg hygiene, - som alminnelege toalettartiklar, hårklipp, og for eit alminneleg hushald, - som reingjeringsmidlar og mindre kjøkkenartiklar er ein del av kjerneområdet i livsopphaldsomgrepet. Dei må såleis dekkjast av stønad til livsopphald

## 6.11 Etablering

Etablering vert ytt etter nøktern og rimeleg standard, og det må påreknast brukt kjøp til einskilde føremål. Som naudsynt innbu blir rekna: seng, matbord/ stolar, sofa/

sofabord, kjøleskap, komfyr, vaskemaskin, TV og bruksgjenstandar som sengetøy, handkle, kjøkkenutstyr og liknande. Stønad til etablering vert ytt etter ei konkret og individuell vurdering.

#### 6.12 Bustad

Utgifter til husleige, renter på bustadlån, oppvarming, kommunale avgifter, bustad- og innbuforsikring vert rekna som naudsynte livsopphaldsutgifter. Tenestemottakar må gjera avtale med långjevar om å få utsett betaling av avdrag på bustadlån. Dersom utgiftene til bustad er så høge at tenestemottakar verken på kort eller lengre sikt vil evna å handtera desse, kan det verta sett som vilkår at utgifter til bustad vert redusert. Dette kan mellom anna skje ved byte til rimelegare bustad og i enkelte høve sal av bustad. Det vil då vere aktuelt å gje hjelp i ei områdingstid. NAV Samnanger har «tak» på utgifter til husleige som for einsleg er kr. 7.000,- pr. måned og for familie kr. 10.000,- pr. måned.

For søkjarar som flytter tilbake til «barnerommet» sitt i vaksen alder kan søkjar få stønad til meirutgifter, for eksempel straum, som foreldra har fordi søkjar bur hos dei. Når foreldra ikkje taper leigeinntekter ved at barn bur heime har søkjar ikkje krav på stønad til husleige hos foreldra.

Utgifter til depositum vert rekna som naudsynt livsopphald, § 18. Tenestemottakar skal informerast om at hjelp til depositum kan godkjennast som garanti eller som lån. Sakshandsamar kan bruka «garanti for depositum» dersom tenestemottakar godtek det, og ikkje ber særskilt om å få hjelpa i form av pengar for å unngå å synleggjera eit klientforhold. Dersom det vert godkjent lån, skal pengane overførast til ein bankkonto som oppfyller vilkåra for depositums konto. Det skal gjerast nedbetalingsavtale om ein fast sum pr måned så snart som råd. Retningsliner i rundskriv 35 for sosialhjelp som lån skal fylgjast.

#### 6.13 Straum

Utgifter til straum vert rekna som naudsynt livsopphaldsutgift. NAV Samnanger har ikkje definert eit generelt «tak» på kor høge straumutgifter som det kan godkjennast stønad til. Men NAV vil fylgja med på forbruk av straum og setja i verk tiltak for å få redusert urimeleg høgt straumforbruk. Slike tiltak kan vera råd og rettleiing, eller å setja «tak» etter ei konkret og individuell vurdering.

#### 6.14 Ved

Personar som har inntekt på sosialhjelpsnivå kan få stønad til dekking av utgifter til ved etter ei konkret og individuell vurdering.

#### 6.15 TV-lisens, avis, telefon og internett

Utgifter knytt til tv-lisens, avis og telefon vert rekna som ein del av kjerneområdet i livsopphaldsomgrepet og må såleis dekkjast av stønad til livsopphald. Stønad til internett vert rekna som nødvendige utgifter som ikkje inngår i livsopphaldsummen. Det vil seia at personer som har inntekt på sosialhjelpsnivået kan få stønad til internett.

#### 6.16. Tilskot til medisinar, lege og psykolog

Personar som har inntekt på sosialhjelpsnivået kan få stønad til dekking av utgifter til eigenandel for medisin, lege, psykolog og fysioterapi opp til eigenandels-taket. Helseutgifter som ikkje fell inn under eigendelskortet vert i utgangspunktet ikkje rekna som naudsynt for livsopphald, men det kan unntaksvis godkjennast etter ei konkret individuell vurdering, t.d. når det føreligg legeerklæring i saka.

#### 6.17. Tannbehandling

Personar som lever på sosialhjelpsnivå kan få stønad til dekking av utgifter til naudsynt konserverande eller kurativ tannbehandling. Det er offentlege takstar og salær som skal liggje til grunn for vurdering av søknaden. Før NAV Samnanger kan ta stilling til søknad om stønad til tannbehandling, må det føreliggje eit spesifisert kostnadsoverslag frå **offentleg** tannklinikkk. Dersom søkjar vil nytta privatpraktiserande tannlege, må han betala mellomlegget sjølv.

Ver merksam på at pasienten kan ha rett til fri tannlege, og syt for at den offentlege tannhelsetenetsta vert informert om det ved bruk av fastsett skjema.

#### 6.18. Brillar

Personar som har inntekt på sosialhjelpsnivået kan få hjelp til kjøp av naudsynte brillar. Det vert ytt stønad til dekking av synsprøve, naudsynte glas og tilpassing i samsvar med kostnadsoverslag frå optikar. Stønad til brilleinnfatning er avgrensa til kr. 1500,- men det må gjerast ei konkret vurdering i kvar sak då ein gjerne må ha innfatning til høgre pris ved bruk av spesielle glas/ progressive glas. Det vert ikkje godkjent stønad til linser med mindre det føreligg særskilt dokumentasjon på at det er naudsynt med linser framfor brillar.

#### 6.19. Reiseutgifter til arbeid

Personar som har inntekt på sosialhjelpsnivå kan få stønad til reiseutgifter for å koma til/frå arbeid. Dersom tenestemottakar må bruka eigen bil til transporten, kan stønaden omfatta naudsynte driftsutgifter til bilen, ikkje billån.

#### 6.20. Flytteutgifter

Flytteutgifter kan godkjennast etter konkret og individuell vurdering. Flytting på grunn av jobb, skule eller for å redusera høge bukostnader, er eksempel på situasjonar der det kan vera rimeleg å godkjenna stønad.

#### 6.21. Tilskot til samvær med egne barn

Personar som har inntekt på sosialhjelpsnivå, og som har samvær med egne barn, kan få ekstra stønad til livsopphald. Som hovudregel vert det gitt tilskott når samværsavtalen er dokumentert og underskriven av begge partar. NAV Samnanger sine satsar for samvær med egne barn er:

1 barn kr. 160,- pr. døgn, 2 barn kr. 250,- pr. døgn

3 barn kr. 340,- pr. døgn, 4 barn kr. 420,- pr. døgn

Ei helg vert rekna som to døgn og ein ettermiddag som ½ døgn, Vanleg samværsordning annakvar helg og ein ettermiddag pr. veke.

Når foreldre bur langt frå kvarandre må NAV vurderer individuelt kor mange reiser det er rimeleg å gi støtte til i løpet av året. Vurderinga må skje på bakgrunn av følgjande: Barnet sin alder, samværshyppighet, reiseveg og reisetid, behov for følgje, og kva avtale foreldra har om deling av kostnaden.

#### 6.22. Spedbarnutstyr og utgifter knytt til fødsel

Mødre utan rett til fødselspengar får eingongsstønad ved fødsel. Eingongsstønad er pr. 01.01.2020 kr. 83.140,- NAV Samnanger legg til grunn at inntil kr. 20.000,- av summen vert nytta til utstyr til barnet. Resten, kr. 63.140,-, vert rekna som inntekter som søkjar må bruka til livsopphald og buutgifter.

#### 6.23. Barnepass

Utgifter til barnepass vert rekna som ei utgift som fell inn under § 18 når foreldre treng barnetilsyn for å gå på arbeid eller skule. Samnanger kommune har ei ordning om reduksjon av barnehageutgifter for foreldre med nedsett betalingsvne. NAV skal gje råd og rettleiing om denne ordninga.

## 7 Rutiner - prosedyrer økonomisk sosialhjelp – særlege utgifter

Når ein søknad ikkje vert godkjent etter § 18, skal søknaden alltid vurderast etter § 19.

### 7.1. Ekstratilskot til julehøgtid

NAV Samnanger kan gi ein ekstra stønad til jul til personer som har hatt økonomi på sosialhjelpsnivået dei 3 siste månadane etter lov om sosiale tjenester i NAV § 19. Dette er hovedreglene men det må likevel leggjast til grunn ei konkret og individuell vurdering på søknadstidspunktet i søknader der søker har hatt økonomi over sosialhjelpsnormen dei siste 3 månadane. Satser:

Pr. vaksen	Ei vekes aktuell livsopphaldsats
Pr. barn under 18 år som bur heime	Ei vekes aktuell livsopphaldsats

### 7.2. Ekstratilskot til fritidsaktivitetar

Kostnader knytt til medlemskontingent i idrett, kultur og anna er ein del av livsopphaldsomgrepet og skal dekkast av livsopphaldsmidlar. Det må likevel gjerast ei konkret vurdering av borna i familien sin situasjon og om det er grunnlag for å løyva stønad etter sosialtenestelova § 19 for å gi borna til delta i aktuelle fritidsaktivitetar.

### 7.3. Ekstratilskot til skuletur

Personar som har inntekt tilsvarende sosialhjelpsnivå kan få tilskot til utgifter knytt til skuletur o. l. for born i familien. Tilskotet kan tilsvare faktiske utgifter, basert på dokumentasjon av kostnader for turen. Lovheimel § 19.

### 7.4. Ekstratilskot til spesielle høgtider

Personer/familiar som har inntekt på sosialhjelpsnivå kan få innvilga stønad til utgifter i samband med spesielle merkedagar, eks konfirmasjon. Det vert gjort ein individuell vurdering.

### 7.5. Tilskot til reiseutgifter knytt til arbeidsretta tiltak

Personar som startar i eit arbeidsretta tiltak, og som har rett på dekking av reiseutgifter via statlege ordningar, kan få løyvd sosialhjelp til reiseutgiftene inntil den statlege ytinga er på plass.

Personar som deltek i kommunale arbeids/-aktivitetstiltak kan få godkjent stønad til dekking av reiseutgifter til/frå arbeid/aktivitet. Tilskotet gjeld for personar som har inntekter tilsvarande sosialhjelpsnivået.

## **8.0 Rutinar ved handsaming av søknad om krisehjelp**

### 8.1. Føremål og omfang

Rutinen skal sikra lik sakshandsamingstid ved søknader om krisehjelp. Den skal også sikra forsvarleg sakshandsaming ved at sakshandsamar vert gitt tid og mogelegheit til grundig vurdering av søknaden. Med krisehjelp meiner ein: stønad til mat og andre heilt naudsynte artiklar til personleg bruk, t.d. medisinar. stønad til reise slik at tenestemottakar kan koma seg til heimen.

### 8.2. Sakshandsamingstid

Ein søknad om krisehjelp må vurderast raskt. Dersom søknaden vert framsett NAV Samnanger før kl. 13.00 vert stønaden utbetalt same dag. Dersom søknaden vert framsett etter kl. 13.00 får søkjar utbetalt stønaden neste dag. Søknader som kjem inn på fredag, i opningstida, skal vurderast same dag.

### 8.3. Villkår for å få krisehjelp

For å kvalifisera for rett til krisehjelp må personen kunne dokumentera at han/ho er i ein reell naudsituasjon og ikkje har midlar til å dekkje sine naudsynte livsopphaldsutgifter. Søknad om krisehjelp vert godkjent etter § 18.

### 8.4. Dokumentasjon som skal følgja søknaden (jfr. vedlegg 1)

Kontoutskrift frå alle Conti, for den siste månaden, som viser disponibelt beløp på søknadsdato Dersom tenestemottakar er gift. skal det som hovudregel leggjast ved dokumentasjon frå begge partar og om søknaden skal underteiknast av begge.

Når søknad om krisehjelp gjeld medisinar skal det leggjast ved kopi av resept dersom tenestemottakar skal ha utbetalt pengar til utgifta. Alternativt kan sosialtenesta garantere for utgiftene overfor apoteket.

Søknad som er mangelfull skal normalt ikkje handsamast før etterspurt dokumentasjon er levert inn til NAV Samnanger. Det skal likevel gjerast ei konkret og individuell vurdering av situasjonen i kvar sak.

### 8.5. Saksgang i søknader om krisehjelp

Før søknader om krisehjelp kan handsamast, skal søkjar ha ein samtale med sakshandsamar. Det er viktig å få klarlagt søkjar sin situasjon. Dersom søkjar har gjentekne søknader om krisehjelp skal dette takast opp under samtalen. Det skal informerast om at gjentekne søknader om krisehjelp kan få tyding for hjelpeforma.

Dersom det er ein person som mottar løpende stønad til livsopphald kan denne stønaden verta oppdelt og utbetalt kvar veke. Andre alternativ er tilbod/krav om interimskonto eller rekvisisjon for å sikre at midlane vert nytta til naudsynte livsopphaldsutgifter, jf. § 21.

### 8.6. Ved utmåling av krisehjelp nyttar ein NAV Samnanger sine krisehjelpssatser.

Hjelpeformene knytt til krisehjelp er overføring til konto eller rekvisisjon. Hjelp i form av rekvisisjon skal alltid vera særskilt grunngjeve i vedtaket.

## 9 Rekvisisjon og garanti.

### 9.1 Garanti ved tannbehandling – akutt og ordinær

NAV Samnanger kan garantera for betaling av utarbeiding av kostnadsoverslag og/eller for utgifter til naudsynt tannbehandling.

- Garanti for betaling av arbeid med kostnadsoverslag:

Søkjar må kontakte offentleg tannklinikk og be om å få utarbeidd eit spesifisert kostnadsoverslag. Dersom søkjar ikkje har eigne midlar til å betale for denne tenesta, kan søkjar få utstedt ein garanti for at NAV betaler. Tannklinikken sender deretter kostnadsoverslag og rekning til NAV Samnanger

- Garanti for betaling av tannbehandling:

Når vedtak om stønad til tannbehandling er godkjent, kan det etter avtale med søkjar, sendast brev til behandlande tannlege med garanti for betaling av løyvd sum. Garantien skal innehalda namn på tenestemottakar, sum og kvar rekninga skal sendast. Garantien gjeld i 6 månader, det inneber at tannbehandlinga må vera sett i gong innan 6 månader.

Tenestemottakar vert oppmoda om snarast å kontakta tannlegen for å starta behandling.

### 9.2 Husleigerestanse

Når manglande betaling av husleige inneber konkret fare for tap av bustad, kan det ut frå ei konkret og individuell vurdering godkjennast hjelp til

dekking av restansen for å sikra at butilhøvet kan halda fram. Det må føreliggja skriftleg søknad om stønad til utgifta. Det skal og gjerast ei vurdering om NAV Samnanger skal setta vilkår om økonomistyring for å sikra at butilhøvet vert oppretthalde.

### 9.3. Straumrestanse

Når manglande betaling av straum inneber fare for at straumen vert avstengt, kan det ut frå ei konkret og individuell vurdering løyvast hjelp til dekking av restansen for å sikra at straumleveransen vert oppretthalden.

Det skal og gjerast ei vurdering av om det for framtida vil vera riktig/hensiktsmessig å setta vilkår om økonomistyring for å sikra at straumen vert betalt framover.

Dersom det er naudsynt kan det utarbeidast ein skriftleg garanti til kraftleverandør om at straumrestansen vert betalt.

### 9.4. Mellombels bustadtilbod

Dersom ein person er utan bustad, har kommunen plikt til å skaffa mellombels Bustadtilbod, jamfør lov om sosiale tenester i NAV §27 Når tenestemottakar vender seg med ei slik problemstilling, må sakshandsamar kontakta tilbydarar av mellombels husvære for å avtala leige. Når tenestemottakar har fått tilbod om plass, sender NAV skriftleg garanti til utleigar. Før garantien vert sendt til utleigar, skal den vera godkjent av leiar som har delegert mynde.

### 9.5. Garanti for depositum ved leige av bustad eller utbetaling av depositum

Når ein tenestemottakar søker om å få dekka depositum eller depositumsgaranti, vil NAV Samnanger krevje at det føreligg gyldig husleige kontrakt som er signert av utleigar og leigebruar.



## **10 . Klage**

Vedtak om sosialhjelp er eit einskildvedtak som søkjar kan klaga på. Rett klageinstans er fylkesmannen. Klagen skal sendast leverast til NAV Samnanger innan tre veker frå søkjar har motteke vedtaket. NAV Samnanger kan hjelpa til med å forma ut klagen. Søkjar har med einskilde unntak rett til å sjå dokumenta i saka.

### **Omgjering / endring av vedtak.**

1. Dersom søkjar etter klage får medhald frå fylkesmannen skal NAV Samnanger fatte eit nytt vedtak.
2. Dersom ein person har vilkår (jamfør lov om sosiale tjenester i NAV §20) knytt til utbetaling av sosialhjelp og bryt vilkåret, kan NAV Samnanger etter ei konkret og individuell vurdering redusere eller stansa utbetalinga. Det skal fattast einskildvedtak om stans eller reduksjon av stønad. Endringsvedtaket knytter seg berre til det eine vilkårsbrotet og ikkje i framtidige utbetalingar i det opphavelege vedtaket.

Sist oppdatert 28.02.2020